



# Risiko og sårbarhetsanalyse Spreidd hyttebygging i Byrtedalen

Tema Miljø

Faun Naturforvaltning AS, 2004



**Tittel:** Risiko og sårbarhetsanalyse ved spreidd hyttebygging i Byrtedalen,  
Tokke. Tema Miljø  
**Oppdragsgiver:** Tokke kommune



**Forfattarar:** Lars Erik Gangsei  
**Publikasjon:**  
**Prosjektleiar:** Lars Erik Gangsei, Faun Naturforvalting AS  
**Prosjektstart:** 01.06.2004  
**Prosjektslutt:** 10.09.2004

**Referat:**

**Samandrag:** Norsk  
**Dato:** 10.09.04  
**Tal sider:** 39 + vedlegg  
**Emneord:** Tokke, Byrtedalen, spreidd hyttebygging, risiko og sårbarhetsanalyse  
**Utgivar:** Faun Naturforvalting  
3870 Fyresdal  
Tlf. 35 06 77 00, fax. 35 06 77 09  
Epost: [post@fnat.no](mailto:post@fnat.no)  
Web: [www.fnat.no](http://www.fnat.no)





Gulaks



## Føreord

Vi vil takke Tokke kommune for oppdraget med rapporten. Åge Verpe, Elin Skålid, Sverre Bakke og Ove Geir Nevestveit har vore hjelpsame med opplysingar, grunnlagskart og anna vi har etterspurd, samt kome med verdfulle innspel til problemstillingane som vert tatt opp i rapporten. Vi vonar rapporten kjem til nytte i Tokke.

Vi vil og takke Fylkesmannen i Telemark ved Espen Marker for hjelp med opplysingar frå Naturbasen.

Under arbeidet har firmaet Tre Strekar, dvs. Elisabeth Kringlebu, vore innleigd og til stor hjelp. Både i ved gjennomgang av tekst og vurderingar og fagleg kompetanse rundt landskap og landskapsestitikk.

Fyresdal 10.09.2004

A handwritten signature in black ink that reads "Lars Erik Gangsei".

Lars Erik Gangsei



Bekkekulp, Ormekvålen.



## Innhald

Samandrag .....	9
Innleiing.....	11
Materiale og metode .....	13
Resultat .....	17
Topografiske og geologiske hovedtrekk .....	17
Landskap og vegetasjon.....	19
Vilt og fisk .....	27
Friluftsliv.....	29
Rasfare.....	29
Kulturminne .....	31
Motorferdsel .....	31
Forureining .....	31
Næringsverksemnd.....	33
Diskusjon.....	37
Konklusjon.....	39
Kjelder .....	39



Fjellmarikåpe



## Samandrag

Innbyggjarane og grunneigarane i Byrtedalen ønskjer å endre planstatusen i området frå "område med høve til spreidd yrkesbygging" som foreslått i utkast til ny kommuneplan til "område for spreidd hyttebygging".

Byrtedalen strekkjer seg frå Byrtegrenda/ Byrtevatn i aust om lag 8 kilometer vestover. Dalen er klart skilt i tre ulike landskapsrom, Hommo, Ormekvålen og Nedre Byrtedalen. Byrteåa, eit verna vassdrag, renn gjennom heile dalen. Store areal i Byrtedalen er potensielt rasfarlege.

Det er eit aktivt landbruk med sauehald i Byrte og Byrtedalen. Det gamle setermiljøet er i stor grad inntakt, dette gjeld særskilt Ormekvålen. Landskapet i Hommo er i større grad endra av moderne landbruksmetodar. Byrtedalen utmerkar seg som eit stort, heilsakleg og relativt inntakt kulturlandskap.

Ein finn viktige naturtypar i Byrtedalen. Høgstade-bjørkeskog med stort innslag av gammal rogn i Hommo, Byrteåa sine S-svingar i Hommo og naturbeitemarka i Ormekvålen er dei viktigaste. Særskilt er naturbeitemarka avhengig av fortsatt beite for å halde oppe miljøverdien. Verdiane i Byrtedalen, både med omsyn til landskap, kultur og miljø er soleis avhengige av landbruksverksemd.

Fleire viltartar er knytt til Byrtedalen, mellom anna ein raudlisteart. I tillegg går Byrtedalen som ein kile inn i villreinområdet Setesdal Austhei. Villreinen er ein arealkrevjande art som er utfordrande å forvalte. Bit for bit utbyggjing og stadig større menneskeleg aktivitet i villreinområda er hovudtrugsmål for reinen. Særskilt vil auka aktivitet i Hommo vere uheldig.

Skilnadane mellom spreidd yrkesbygging og spreidd hyttebygging er betydeleg. Ved spreidd hyttebygging må tomter skillast ut, med den følgja at ein får ei fragmentering av eigedomssstrukturen. Faren for konflikt mellom sauencæring og hytteeigarar er stor, og der er fare for at viktig naturbeitemark vert tatt ut av hevd. Tal skoterløyve vil "automatisk" auke ved spreidd hyttebygging og med det også motorferdselen, noe som er uheldig for villreinen og friluftsliv. Ved spreidd yrkesbygging unngår ein desse negative verknadane.

Ved spreidd yrkesbygging legg ein opp til fortetting på setervollane. Utført etter intensjonane gir dette positive landskapsmessige effektar. Ein må vente at det ved hyttebygging vert stilt større krav både med omsyn buareal, vegar, og kanskje også vatn/ kloakk, noe som gir negative landskapsmessige effektar.

På dette grunnlag rår vi til at Tokke kommune av miljøomsyna nemnd over held fast ved forslaget til ny kommuneplan og gir Byrtedalen status som "område med høve til spreidd yrkesbygging". Ein bør, også av næringsmessig interesse, halde på Byrtedalen sin status som viktig kulturlandskapsområde.

## 2.4 LNF-OMRÅDE MED HØVE TIL SPREIDD YRKESUTBYGGING I BYRTEDALEN

Innan område for spreidd yrkesutbygging i Byrtedalen kan det gjevast løyve til oppføring og restaurering av 15 støylshus til næringsmessig utnytting og utleie.

Utbygginga kan gjelde nyreising på støylstufter eller restaurering av eksisterande bygningar. Det ligg 19 eksisterande støylshus i området registrert i GAB.

Ved restaurering og/eller nyreising av støylshus skal det takast omsyn til opphaveleg form og stiluttrykk. Dette skal skje i samråd med antikvariske styresmakter der kommunen finn det naudsynt. Ved byggjemedding skal det leggjast fram biletet/dokumentasjon på omsøkte bygg/tuft.

Kommunen er positiv til at det i regi av grunneigarane vert sett i gang arbeid med å vurdere mogleg utvikling av Byrtedalen innanfor turisme/reiseliv, deriblant aktuelle område/tomter for fritidsbusettnad. I arbeidet skal det takast omsyn til fordeling av tomter mellom eideomane og mogleg kompensasjon for dei som ikkje får byggje ut. I arbeidet må det vidare takast omsyn til kulturlandskapet og landbruksinteressene i området. Kommunen vil vurdere eit evt. resultat av arbeidet og om dette kan danne grunnlag for fremjing av reguleringsplan i regi av grunneigarane, der det vert opna for avgrensa hyttebygging. Det skal ikkje tillatast frådeling til fritidsføremål innan området før det evt. ligg føre reguleringsplan som opnar for utbygging.

Frå føresegndene i utkastet til ny kommuneplan.



Bru over Byrteåa i Nedre Byrtedalen, og hytte bygd i Ormekvålen



## Innleiing

Arbeidet med ny kommuneplan for Tokke (2003-2015) vart formelt sett i gang av formannskapet 02.05.01. I høyringsutkastet til ny plan ønskte kommunen å endre Byrtedalen sin planstatus til "Område med høve til spreidd yrkesutbygging".

Det har lenge vore eit ønskje frå grunneigarane i Byrtedalen å auke næringsverksemda i dalen, helst ved hytteutbygging. Under høyringa til kommuneplan kom det fram at grunneigarane i Byrtedalen ønskjer at dalen skal leggjast ut som "LNF-område med høve til spreidd hyttebygging". Det kjem og fram at grunneigarane føler at den føreslattede planstatusen (område for yrkesutbygging og viktig kulturlandskap) reduserer næringsverdien i området og at dei soleis vert straffa for å ha oppretthalde eit aktivt landbruk i Byrte og Byrtedalen.

Kommunen ønskjer på dette grunnlag å kartlegge miljøfølgjene av å endre planstatus i Byrtedalen frå "Område med høve til spreidd yrkesutbygging" + "Viktig kulturlandskapsområde" til "Område med høve til spreidd hyttebygging". Vidare ønskjer kommunen at andre alternative forslag til arealbruk i Byrtedalen vert skissert.

I den gamle (1991-2002) kommuneplanen som framleis er gjeldande vart LNF-områda delt i tre ulike kategoriar; "mørk grøn-", "grøn-" og "ljos grøn sone". Mørk grøn sone svarte til "standard LNF", medan "grøn-" og "ljos grøn sone" svarer til "område med høve til spreidd bustadbygging" og "område med høve til spreidd hyttebygging". Hovuddelen av Byrtedalen ligg i mørk grøn sone, medan den nedre delen ligg i ljós grøn sone.

Byrtedalen sin status som eit særleg viktig kulturlandskapsområde er vidareført i utkastet til kommuneplan. Statusen som særleg viktig kulturlandskap kan påverke kommunen si handsaming og utfall av søknadar om hyttebygging og nydyrkning. Etter utkastet til føresegner kan ikkje område for spreidd hyttebygging leggast i særskilt viktige område for kulturlandskapet. Statusen som viktig kulturlandskapsområde gjev ein ekstra merksemd med omsyn til kulturminne, byggeskikk og verknadar på vegetasjonen. Kommunen har ved ein kvar byggesøknad i LNF-område ansvar for å vurdere sjanske for konflikt med desse tema.

Tokke kommune er i ferd med å utarbeide landbruksplan. Viktige kulturlandskapsområde bør innarbeidast, og verdiane utdjupast i denne planen. Kommunen styrer i stadig større grad støttemiddel til landbruket. Innhaldet i ein framtidig landbruksplan bør gje føringar for fordelinga av støtteordningar til landbruket. I tillegg til middel kommunen rår over, kjenner ein frå nabokommunane (Fyresdal, Vinje, m.fl.) til prosjekt med EU-finansiering knytt til kulturlandskap, kulturminne og reiseliv basert på desse verdiane.

Byrtedalsåa er eit verna vassdrag. Dette vernet er i hovudsak eit vern mot kraftutbygging, men styrer og i noko grad fysiske inngrep nær elva. Kommuneplanen har og eit generelt forbod mot utbygging nærmare vassdrag enn 100 meter.



Frå Hommo. Elisabeth Kringlebu mellom sølvvier og tyrihjelm.




## Materiale og metode

Frå kommunen har vi fått kartgrunnlag (ØK), opplysingar om beitebruk, innsyn i skogbruksplanar og MiS-registreringar (miljøregistreringar i skog), naturtyperegistrering, viltkart, planomtale og høyningsutkast ved rullering av kommuneplanen, oversyn over scooterløyve i området, digitalt markslagskart og eigedomsgrenser, samt oversyn over hytter i området.

Fylkesmannen skaffa oversyn over relevante opplysingar i Naturbasen, medan kulturminneavdelinga hjå fylkeskommunen peika på at det høgst truleg vil vere naudsynt med registreringsarbeid av kulturminne før hyttebygging vert sett i gang. På grunn av omfanget i registreringane bør det ligge føre meir nøyaktige geografiske avgrensingar (tomt/ reguleringsplan) før dette arbeidet setjast i verk.

Lars Erik Gangsei, Faun, og Elisabeth Kringlebu, Tre Strekar, var i Byrtedalen 11.06.04 og 24.07.04. Tida vart nytta til å danne seg eit inntrykk av landskap og vegetasjon, samt fotografering.

Frå dette grunnlaget vert verknadar av spreidd hyttebygging og spreidd yrkesbygging vurdert opp mot temaet *landskap og lanskapsestittikk, vegetasjon og biologisk mangfald, vilt og fisk, forureining, næringsverksemd, friluftsliv og motorferdsel*. Kulturminne og rasfare er tema som har behov for ein grundigare gjennomgang og vert berre omhandla på eit generelt grunnlag. Verknadane vert vurdert på ein skala som vist under



### O-alternativet; LNF-område

På skalaen representer O-alternativet, dvs. inga endring frå situasjonen i dag, "lite/inga endring". I prinsippet vil eit "reint LNF-område" trygge dette, både med omsyn til landbruk (hevd av innmark) og at der ikkje er vilkår for å bygge hytter.

I praksis kan ingen planstatus trygge at naturmiljøet i Byrtedalen ikkje endrast. Kulturlandskapet er ein dominerande faktor. Verdiar knytt til kulturlandskapet vil forsvinne dersom Byrtedalen ikkje lenger vert brukt til slått og beite. Samstundes vert miljøverdiane i kulturlandskapet best tatt vare på om drifta ikkje er for intensiv.



Uttretting av bekk i Hommo



Brurestøyl i Ormekvålen

### **Alternativ 1, spreidd yrkesbygging**


Utkastet til ny kommuneplan. Dvs. "LNF-område med høve til spreidd yrkesbygging" + "særleg viktig kulturlandskapsområde".

Dersom yrkesbygging vert gjennomført etter planen vil det legge til rette for auka bruk av setrene som fritidshus/ overnatningsstader og med det ein generelt auka bruk av området. Eigedomstilhøva vil ikkje endrast.


### **Alternativ 2, spreidd hyttebygging**

Heile arealet vert lagt ut som "område med høve til spreidd hyttebygging", inntil 30 hytter totalt i heile Byrtedalen.

Ved ei slik løysing må ein rekne med auka bruk av området. Hyttetomtene må skillast ut som eigne einingar, noe som vil føre til meir fragmentert eigarstruktur med fleire små grunneigarar. Ulike praktiske utfordringar som vegrett m.m. må ordnast. Plan og bygningslova gir ikkje kommunen vilkår for å tildele hyttetomtene til dei einskilde grunneigarane i Byrtedalen.



Hytte i Hommo. Sett mot "sørveggen"



Sørveggen i Hommo.

# Resultat


## Topografiske og geologiske hovudtrekk

Byrtedalen ligg nordvest i Tokke kommune. Den aust-vest vendte dalen er om lag 8 km lang. Byrteåa renn i botnen av dalen og fell om lag 300 meter frå 875 m.o.h i vest til 575 m.o.h. der dalen munnar ut i Byrtengrenda i aust.

Byrtedalen er delt inn i tre ulike landskapsrom, "Hommo", "Ormekvålen" og "Nedre Byrtedalen", med ulike miljø- og landskapseigenskapar. Lengst i vest (Hommo) er dalen svært vid. Dalen snevrar seg så inn mot aust, før hovuddalføret svingar krapt mot nord og vidar seg ut i ei "gryte"; Ormekvålen. Dei siste fem kilometerea frå Ormekvålen er dalen trangare og nær "rett". Dalen utvidar seg mot aust. Dalbotnen er relativt flat (om lag 300 meter i tverrsnitt) med bratte skogkledde lisider både i nord og sør. I dalbotnen er der både skog, myrareal og dyrka areal. Det går bilveg inn heile Byrtedalen. Vegen er stengt med bom ved Ormekvålen.

Granitt dominerer berggrunnen, men der finst og eit om lag 2 km breitt nord-sør gåande belte med noe rikare bergartar, (meta)basalt og omdanna sandstein, som kryssar Byrtedalen ved Ormekvålen.

I Byrtedalen finst det større brelavsetningar i Hommo og Ormekvålen. Lisidene består av morenejord ned mot dalbotnen og rasmark/ ur lenger opp. Lisidene er for det meste skogkledde, med unntak av sørsida i Hommo, og strekker seg bratt opp i over 1000 meters høge over havet på begge sider av dalen.



Utsnitt frå kartet i utkastet til kommuneplanen sin arealdel 2003-2015 i målestokk ca 1: 60 000. Grøne vassrette strek viser "Særleg verdfullt kulturlandskap", grå prikker viser "område med høve til spreidd hyttebygging". Dei rauda rammene viser grensene for dei tre landskapsromma, "Hommo", "Ormekvålen" og "Nedre Byrtedalen" (frå vest mot aust).



Fjellbjørkeskog med tyrihjelm.



## Landskap og vegetasjon

Blomquist (1991) har med Byrte og Byrtedalen som eit samanhengande og stort, ganske godt bevart kulturlandskap. Naturtypekartlegginga i Tokke (Edvardsen, 2004) har ikkje med naturtypar frå området. Frå miljøplanane utarbeidd etter MiS-registreringa i 2002 er der med to område med rik bakkevegetasjon heilt i munninga av Byrtedalen, utanfor området som er aktuelt for spreidd hyttebygging. Kart over landskap og vegetasjon ligg som vedlegg.

### Hommo

Landskapet i Hommo er dominert av den breie og flate dalbotnen, som ligg om lag 875 m.o.h. Byrteåa, eit viktig landskapselement, går i tre S-forma kurvar (meandrerar) i den flate dalbotnen. Lausmassene består av grus (breelvavsetningar) i ulike fraksjonar. Arealet mellom elvebuktingane er nå dyrka og vert slått og drive etter moderne jordbruksmessige prinsipp. Vegen er ført fram til lengst vest i Hommo, det siste stykket er traseen lagt i elvelaupet. Verdiane knytt til landskap og vegetasjon/ biologisk mangfald i Hommo er redusert som følgje av intensivt jordbruk, utretting av bekkar og ei uheldig framføring av vegen.

Hommo er ikkje klart avgrensa i vest der det framleis finst att udyrka areal. Delvis er dette myrareal (fattig), men der er og snølievegetasjon dominert av finnskjegg. Det er sau på beitet i området, men ope beitemark finn ein bare som fragment rundt dei intakte setervollane. Det er sauegjerde rundt dei dyrka areala i dalbotnen.

Den sørlege lisida i Hommo består i hovudsak av ein bratt bergvegg med kontinuerleg rasmark/ ur langs foten. Stadige steinskred fører til ei relativt god sortering av rasmarka, der dei største blokkene ligg i botnen. Fleire bekkar/ bergsprekkar deler bergveggen. Under desse bergsprekkene har rasmarka viftepreg og i dei øvre delane finn ein gras/ urtevegetasjon.

Det låg att snøklattar i bergsprekkene så seint som 24. juli. Ein finn busksjikt med sølvvier i mindre meir stabile og mindre skredutsette område. Området er ikkje gått gjennom i felt, men har verdi som eit svært velutvikla "storskala" bergvegg/ rasmark landskap. Området er ikkje truga av menneskeleg påverknad.

Det därleg utvikla skogbeltet gir tydeleg horisonteffekt i overgangen mellom kulturmark/ innmark og rasmarka på sørsida av Hommo. På nordsida vert denne effekten dempa av eit langt betre utvikla skogbelte og slakare lisider med meir stabil og skogkledt, beiteprega blokkmark. Bjørk det dominerande treslaget, men i dei sør vendte skråningane finst der og mykje grov rogn og litt hegg, rogneinnslaget er særleg stort i den austre delen av Hommo. Sølvvier er vanleg i busksjiktet. Høgstaudeskog med tyrihjelm dominerer, men i mosaikk med blåbær- og småbregneskog. Skoggrensa trer ikkje klart fram, sidan tresjiktet si øvre grense blir bestemt av marka sin stabilitet og snøskred, snarare enn høgda over havet.



Byrteåa meandrerar (S-forma svingar) i Hommo.

I Hommo har skogvegetasjonen miljøverdi på grunn av mengda med gammal og relativt grov rogn (mange rundt 20 cm i brysthøgde) og rik bakke (høgstaudevegetasjon). Etter DN-handbok 13-1999 er store delar av skogareaala viktige naturtyper, høvesvis "Bjørkeskog med høgstauder" (F04) og "Gammel lauvskog" (F07). "Skogsbeite" (D06), av ein mindre viktig type finst over store areal.

Byrteåa i Hommo må karakteriserast som naturtype E03, "Kroksjøer, flomdammer og meandrerande elveparti". Verdien er redusert ved at dei tilgrensande areaala er dyrka og vegen som ligg i elva.

Spreidd yrkesbygging knytt til setervollane vil påverke vegetasjonen minimalt, og ikkje gjere skade på den verdfulle skogvegetasjonen. Ei styrt utvikling som trygger beitebruken i området vil vere positivt for naturbeitemarka. At området er registrert som eit særleg viktig kulturlandskapsområde gjev eit ekstra grunnlag for ei styrt utvikling av vidare dyrking og bruk av innmarka. Landskapsestetisk vil ei utbetring av setervollane i tråd med føringane som er lagt virke positivt.

Spreidd hyttebygging vil kunne påverke vegetasjonen moderat negativt, ved at skogareal med viktige naturtypar, vert omdisponert til hyttetomter. Konflikt mellom hytter og sauebeite kan og føre til redusert beitebruk (jamfør punktet om jordbruk), som i sin tur vil vere viktig for naturbeitemarka. Høgstaude-fjellbjørkeskog er ei slitasjesvak vegetasjonstype. Med eit så lite tal hytter som alternativet byggjer på vil desse effektane vere små. Landskapsestetisk er taleevna til Hommo liten. Særskilt vil fleire hytter på sørsida gje ein uheldig visuell verknad på grunn av "horisontverknaden" mot fjellveggen i bakgrunnen.



Sauhest og hytte i Ormekvålen

## Ormekvålen

I Ormekvålen finn ein eit særeige og svært godt bevart seterlandschap. Setrene ligg små klynger. Landskapsrommet er avgrensa til alle kantar. Dei fleste husa er godt bevart, noe moderniserte, lafta eller med ståande kledning og overveiande bølgjeblekk. Eit par nyoppsette hytter finst inne i området.

Det går veg gjennom Ormekvålen vidare inn Byrtedalen til Hommo. Frå denne vegen er der ein avstikkar på om lag 200 meter som ender i ein parkeringsplass like ved Åsstøy, innerst i Ormekvålen. Gamle kjerrevegar og sauestiar er hovudferdselsårene.

Vegetasjonen i dalbotnen er prega av ope beitemark, samt ein del areal slåttemark som er drive etter moderne prinsipp. Frå Byrteåa i botnen av gryta endrar vegetasjonen seg gradvis frå fuktprega beitemark på breelveavsetningane via ope beiteareal (finnskjeggeng) til beiteprega fjellbjørkeskog (mosaikk av blåbærskog, småbregneskog og fragmenter av høgstaudeskog). Over skogen finn ein stadvis rasmark/ rasvifter. Vekslinga mellom rasvifter og mindre dalsøkk/ bekkar i den bratte lisida om omgir ormekvålen gir variasjon i jordsmonns- og fuktighetstilhøve og skaper stor variasjon i vegetasjonen. Dette skapar mindre landskapsrom og større variasjon enn i Hommo.

Det er mykje sau på beitet i området, både i den opne beitemarka nedst, men og oppover i heile lisida. Rundt fleire av setrene er der gjerda, både for å halde sau ute og inne, samt nokre samlekve. Beitemarka er i hovudsak Finnskjegg-eng, men og innslag av Sølvbunke-eng. Beitemarka er godt utvikla og bærer preg av lang kontinuitet med beiting. Typisk nok er beitemarka fattig på urter. Stort innslag av gulaks indikerer at vegetasjonen ikkje er av den fattigaste. Overgangen mellom ope beitemark og skog er mange stader flytande.

Etter DN-håndbok 13 - 1999 kan ein skille ut naturtypen "Naturbeitemark" (D04). Naturtypen er godt utvikla i Ormekvålen, kor ein har store areal med samanhengande naturbeitemark og mange overlappande gradientar med omsyn til fuktighet, eksposisjon og jordsmonn.

Spreidd yrkesbygging knytt til setervollane vil påverke landskapet positivt under føresetnad av at den lokale byggeskikken vert følgt. Lafta hus og torvtak er ikkje naudsynt, ståande kledning og bølgeblikk vil på fleire setervollar gje eit vel så godt inntrykk. Eventuelle nybygg bør ikkje vere over 30 m<sup>2</sup>. Det vil og vere viktig for landskapet sin eigenart at restaurering/ nybygging på dei gamle setervollane skjer utan at vegnettet vert utvida.

Spreidd hyttebygging vil påverke landskapet negativt i Ormekvålen, då dette vil bryte med det fine mønsteret av setervolar som krinsar beiteareala i Ormekvålen. Ved spreidd hyttebygging vil eigedomsstrukturen fragmenterast ytterlegare, med fare for at beitemark vert tatt ut av hevd og følgjande redusert miljøverdi.

## Nedre Byrtedalen

Nedre del av Byrtedalen er skogdominert. Granskogen kjem inn og dominerer i den relativt breie (om lag 300 meter) og flate dalbotnen. Vegen og Byrteåa går parallelt og stort sett relativt samla sentralt i dalen. Lisidene har mykje til felles med lisidene i Ormekvålen, med overveiande skogkledt blokkmark. I GAB-registeret er der registrert 31 bygningar i denne delen av dalen, men på langt nær alle har vilkår for overnatting. Ein del av desse (5-10) er relativt nybygd hytter/ restaurerte seterbygg. Området bærer preg av attgroing og det finst langt mindre ope beitemark enn t.d. i Ormekvålen, sjølv om der og går mykje sau på beite i Nedre Byrtedalen. Det langstrakte "korridorprega" landskapsrommet skil seg klart frå Ormekvålen og Hommo.


Der er produktivt skogareal i denne delen av Byrtedalen, utan at der er areal som er valt ut under MiS-registreringane. Blåbær- og småbregneskog, med gran som dominerande treslag er dei vanlegaste vegetasjonstypane i skog. Mykje av skogen har eit tydeleg kulturpreg og alle hogstklassar er representert. Ned mot Byrteåa er der dyrka opp noe areal på gamle setervollar, myrer og flater.



Ein kjenner ikkje til vegetasjon/ naturtypar med høg miljøverdi i Nedre Byrtedalen. Landskapet si utforming saman med skogvegetasjonen gjer at ei forsiktig hytteutbygging kan skje utan negative følgjer for landskapet. Korkje spreidd yrkes- eller hyttebygging i ein skala som foreslått i alternativa vil ha effektar av betydning for landskapsestetikk eller vegetasjon. For å unngå fragmentasjon av det heilskaplege kulturlandskapsområdet Byte - Byrtedalen må ei eventuell hyttebygging vere svært forsiktig (< 10 nye hytter) og leggast til det svært avgrensa arealet meir enn 100 m frå Byrteåa, men ikkje i det rasfarlege området, jamfør kart.


Biletet er frå botnen av "Nedre Byrtedalen" sett mot nord.





#### TEIKNEFORKLARING

- (Red oval) Viktig område for Rype, etter viltkart
- (Yellow oval) Viktig område for Villrein, etter viltkart
- (Yellow circle) Viktig viltområde. Ikke offentleg.
- (Light blue oval) Vinterområde elg etter viltkart
- (Green double-headed arrow) Trekk ruta hjortevilt
- (Black square) Raudlisteart, etter opplysinger fra FM



**Vilt**

Kart, viltområde i Byrtedalen. Etter viltkart frå kommunen og opplysingar frå Fylkesmannen i Telemark.  
Målestokk ca 1 : 50 000



## Vilt og fisk

Viltkartet til Tokke kommune, som er av eldre dato, viser eit viktig vinterområde for elg i Nedre Byrtedalen. Rein på fjellet sør for Hommo og rype på fjellet nord for Hommo. I tillegg er der markert for viktige område på viltkartet (opplysingar unntatt offentleghet) nord og sør for Ormekvålen (jamfør kart på motsett side). Dette kartet viser også ein trekkveg for hjortevilt ned i Byrtedalen ved Ormekvålen.

Byrtedalen er ein naturleg innfartsveg til Setesdal Austhei villreinområde. Det er og kjent at reinen nyttar innmarka i Byrtedalen til beite om våren. Villreinen er ein spesielt sårbar og arealkrevjande art. Hovudproblemet er at villreinområda vert bygd ut bit for bit og/ eller fragmentert. Undersøkingar viser at villreinen unngår eller reduserer bruken av område kor den mennesklege aktiviteten aukar.


Tettheten av rein i Setesdal Austhei har variert mykje dei senare åra og med det varierer kva område reinen nyttar. Dei siste åra har det vore lite rein, dermed er det lett å gløyme at ein større bestand nyttar større område meir aktivt. Vidare er det forskjell mellom bukkeflokkane og simle/ forplantningsflokkane sin bruk av områda. Bukkeflokkane nyttar eit større område, særskilt om våren i næringssøket, medan simlene held seg i "meir sentrale" villreinområde, truleg for å redusere faren for å bli tatt av rovdyr. Vilkår for slik variert bruk av eit større område er viktig for ein sunn villreinbestand.

Kartet utgitt av Setesdal Austhei villreinnemd saman med Fylkesmennene i Telemark og Aust-Agder viser at sjølv Byrtedalen ikkje er med i villreinområdet, men strekker seg som ei kile inn mot dei sentrale delane. Fjellområda nord og sør for Hommo er merkte av som viktige sommarbeiteområde og der er vist ein trekkveg frå nord ned mot Ormekvålen. Områda lengst aust (mor Byrtevatn) både nord og sør for Byrtedalen er avmerkte som "tidlegare kalvingsområde, nå sporadisk i bruk". På grunn av "kileforma inn i villreinområdet og at Hommo ligg relativt høgt vil særskilt auka aktivitet i denne delen av Byrrtedalen vere negativt for villreinen.

Frå Fylkesmannen i Telemark har vi fått opplysingar om at området frå Ormekvålen og vidare innover i Byrtedalen er eit viktig område for ein truga (raudlista) art, jamfør kart. Arten er sårbar for auka ferdsel og menneskeleg aktivitet.

Spreidd yrkes- eller hyttebygging vil auke aktiviteten i området, noe som kan uroe villreinen og virke negativt. I Nedre Byrtedalen vil konsekvensane for viltet vere små ved alle alternativ.

Vi observerte aure i Byrteåa ved Hommo. Både yrkes- og hyttebygging vil føre til auka aktivitet i området. Dette kan føre til auka interesse for kultiveringstiltak for fisk.



Turistløype frå "Turkart 1 : 80 000 Setesdal Austhei Nord", og potensielt skredfarlege område frå [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no). Merk at områda i vest ikkje er kartlagt for skredfare. Kartet over i målestokk ca 1 : 50 000.



Bukk frå Setesdal Austhei villreinområde



## Friluftsliv

Både spreidd yrkes- og hyttebygging vil kunne auke bruken av Byrtedalsområdet til friluftsføremål.


Byrtedalen er ein naturleg innfallsport for ferdsel frå Telemark til Setesdal. Turistforeningsløypa til Tjørnbrotbu går delvis gjennom Byrtedalen, jamfør kart på sida til venstre. Hytter nær denne traseen vil kunne redusere "friluftslivverdien" til løypa, eventuelt må traseen leggast om av omsyn til både hytteeigarane og brukerane av løypa. Spreidd yrkesbygging står ikkje i fare for å ha slike negative innverknadar på området sin verdi for friluftsliv.



## Rasfare

Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) er ansvarlege for ei internettseite, [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no) med informasjon om skredfare ulike stader i Noreg. Dei nedre delane av Byrtedalen er kartlagt og store delar av området er potensielt rasfarleg område, som skissert i kartet til venstre. Dei potensielt rasfarlege områda som er merkt ut er ikkje detaljert kartlagt, men det heiter at "...De skredfarlige områdene er arealer som må underlegges spesielle aktsomhetskrav og anvendes av planleggere i kommuner og fylkeskommuner som skal foreta valg og tilrå plasseringen av utbygningsområder, samferdselstraseer og installasjoner...."

Ein skal merke seg at delar av Ormekvålen og heile Hommo ikkje er kartlagt, men ut frå kartet og feltarbeidet ser særskilt områda sør i Hommo og stykket mellom Hommo og Ormekvålen ut til å vere minst like rasutsett. Som ein ser av ligg fleire gamle setervollar i det potensielt rasfarlege området.



Turistløypa, frå Ormekvålen



Høybu frå Ormekvålen.



## Kulturminne

Ein må rekne med å kunne finne viktige kultruminne i heile Byrtedalen, t.d. rydningsrøyser, kolgropar og ruinar. Utfyllande registreringar vil vere nødvendig ved alle nye utbyggingar. Ved spreidd yrkesbygging vil val av byggemetode spele ei rolle, om gamle ringmurar/ haldestein vert nytta til konfliktfaren med kulturminne vere mindre enn om det vert grave ut og bygd på heil såle. Graving i samband med kloakk og vegar kjem i konfliktfare med kulturminne.

Kulturminne må vurderast næra (kulturmuneavdelinga hjå fylkeskommunen) dersom heile eller delar av området vert lagt ut til spreidd hyttebygging. Ved spreidd yrkesbygging der gamle ringmurar/ haldesteinar vert nytta ved fortetting er faren for å skade kulturmine mindre. Ved inngrep, også dyrking og vegbygging, som fører med seg graving bør kulturmuneavdelinga hjå fylkeskommunen kontaktast før tiltaka iversetjast.



## Motorferdsel

All utbygging vil føre til auka motorferdsel, både sommar og vinter. Det er i dag ca 10 snøskoterløyve i Byrtedalen. Det er vanleg at hytteeigarar får eit skoterløyve per hytte. Her vil det vere ein markert forskjell i tal løyve ved spreidd hyttebygging, der ein vil få fleire grunneigarar (tomheeigarar) og potensielt fleire løyve enn ved spreidd yrkesbygging. Auka motorferdsel, særleg snøskoter vil gje negative effektar for mellom anna vilt og friluftsliv. Eit stort tal skoterløyve vanskleggjere kontroll med illegal ferdsel. Motorferdsel i Nedre Byrtedalen må sjåast som mindre skadeleg enn ferdsel inn til Ormekvålen og særskilt Hommo.

Ved spreidd hyttebygging og dermed fråskilde tomtar vil fleire personar få bruks- og eigarinteresser i vegen i Byrtedalen, noe som vil skape ekstra utfordringar med omsyn til organisering av vegeigarane.



## Forureining

Ved spreidd yrkesutbygging bør ein legge opp til løysingar utan innlagt vatn i nye bygg. Gravinga dette eventuelt vil føre med seg, både for å få vatn inn, samt tilfredstilande kloakering vil kunne kome i konflikt med både landskap og kulturminne.

Enkelte stader i området også i Nedre Byrtedalen finst det truleg vilkår for kloakkering og infiltrasjon i grunnen. Vilkåra for dette må eventuelt vurderast næra. I tillegg til at massene må vere av tilfredstilande filtrerande kvalitet skal ein vere merksam på faren for konflikt med kulturtminne. På den intakte naturbeitemarka i Ormekvålen bør ein ikkje grave korkje grøftar eller vegar.

Samanlikna med landbruk og beitedyr vil avrenning/ forureining frå yrkes- eller spreidd hyttebygging i det omfang som er skissert i denne rapporten ikkje utgjere nokon ekstra forureiningsfare av betydning.



Tina, Falko og Bajas med ryper.



## Næringsverksemd

Der er nesten 3000 sau (suar og lam) på beite i Byrtedalen, men ingen geiter. Der er potensiale for støylsdrift med ysting og kinning etc. utan at slik drift i dag er til stade.

Det finst talrike døme på interessekonfliktar mellom hytteeigarar og sauebønder i område med hytter og sauebeite. Ved spreidd hyttebygging vil der kome inn fleire (tomte-)eigarar i Byrtedalen, i motsetnad til ved spreidd yrkesbygging. Faren for konflikt mellom hytteeigarar og sauennæring er på sikt stor ved spreidd hyttebygging i Byrtedalen, noe som vil vere ei belastning også for sauennæringa.

Spreidd yrkesbygging vil ikkje bandlegge korkje jord- eller skogbruksareal, medan spreidd hyttebygging i Nedre Byrtedalen vil kunne bandlegge skogbruksareal, og i mindre grad kunne gjere framföring av driftsvegar vanskelegare. Det vil vere større risiko for at jordbruksareal/ beitemark i Ormekvålen/ Hommo vert fragmentert og tatt ut av bruk dersom området vert lagt ut til spreidd hyttebygging, enn ved spreidd yrkesbygging på grunn av endra eigedomstilhøve.

Spreidd hyttebygging vil i motsetnad til spreidd yrkesutbygging skaffe inntekter ved tomtesal, men dette er eingongsinntekter. Den negative effekten på landskap og vegetasjon/ biologisk mangfold av spreidd hyttebygging i Ormekvålen og Hommo vil redusere potensialet for næring knytt til verdiane i kulturlandskapet. Spreidd hyttebygging vil svekke grunnlaget for reiselivsbasert næring der eit rikt og intakt kulturlandskap vert nytta som ein attraksjon.

For tradisjonell utmarksnæring, utleige av jakt og fiske, samt hytter/ overnatting knytt til dette vil spreidd yrkesutbygging styrke vilkåra for utleige ved at ein vil kunne få betre utleigeprodukt (losji). Spreidd hyttebygging vil, som for friluftsliv, kunne verke negativt på utmarksprodukta. Ein må forvente at hytteeigarar etterspørre jakt/ fiske i nokon grad, noe som fører til ei (marginal) styrking av grunnlaget for utmarksnæring.



Byrteåa. Utsikt innover mot Hommo.

## Miljøverknad

Miljøtema	Alternativ 1, spreidd yrkesbygging		Alternativ 2, spreidd hyttebygging	
Landskap	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I
Vegetasjon og biologisk mangfold	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I
Vilt og fisk	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I
Friluftsliv	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I
Motorferdsel	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I
Næringsverksemd	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I
Kulturminne*	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I
Samla	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I	Negativt Stort Middels Ingen Middels Stort	Positivt I

\*Ikkje tilstrekkeleg vurdert.



Brurestøyl i Ormekvålen



## Diskusjon

Alternativa slik dei er gjort greie for i denne rapporten vurderer ikkje verknadane av større hytteutbyggingar/ hyttefelt, sidan dette per dato ikkje er aktuelt. Vi har skjønt at grunneigarane i Byrtedalen først og fremst er interesserte i å kunne bygge ei til to hytter gjerne til familie eller vener.

Om ein likevel skulle ønskje ei større finst det ulike formar for avtalar mellom grunneigarar, kor inntektene fordelast etter ein nøkkel der alle berørte grunneigarar, og dei utan tomtegrunn, vert tilgodesett. Slike avtalar krev stor grad av samarbeid og er utfordrande å få gjennomført, men vil kunne gje akseptable heilsakaplege løysingar med omsyn til miljøet i Nedre Byrtedalen. Denne type utbyggingar vil krevje eigen reguleringsplan, noe kommunen gir opning for i utkastet til føresegner for "område med høve til spreidd yrkesbygging". Ved slik utbygging frå Ormekvålen og vestover vil ein få betydelege negative miløkonsekvensar.

Ein kan og sjå for seg eit kombinasjonsalternativ med eit mindre område med spreidd hyttebygging i Nedre Byrtedalen, etter mal frå den gamle kommuneplanen. Ei slik løysing vil om ein ikkje legg opp til å bygge fleir enn 10 hytter vere akseptabel i miljøsamanheng. Ein bør ikkje legge opp til spreidd hyttebygging nærmare enn 100 meter frå Byrteåa. Når ein ser dette i samanheng med dei potensielt rasfarlege områda er det klart at det finst lite areal att kor spreidd hyttebygging er aktuelt utan nærmare undersøkingar rundt rasfare. Området sør for Byrteåa rundt Hasselhommen og Nystøy ser i så måte ut til å vere det mest aktuelle.

Det er prisverdig av grunneigarane i Byrtedalen å ytre sine ørlege ønskje om kva reguleringsstatus dei ønskjer for Byrtedalen, og intensjonane med det. Sett med bakgrunn i reint miljø-/ landsakapstetiske tilhøve finst det areal i Nedre Byrtedalen som kan tåle spreidd hyttebygging med inn til 10 hytter. Vi meiner likevel dette er ei svært ugunstig løysing med bakgrunn i usikkerheten rundt rasfare og kulturminne. I tillegg har ikkje kommunen vilkår for å styre kven av grunneigarane som skal få nyttiggjere seg hytteutbygginga. Ein grunneigar kan nytte seg av alle "løyva".

Sett alle miljøomsyn under eit rår vi derfor til at kommunen held fast ved forslaget til ny kommuneplan og at Byrtedalen vert regulert til område med høve til spreidd yrkesbygging. Ein bør halde fast ved statusen som viktig kulturlandskapsområde.



Finnskjeggeng og bekkesig i Ormekvålen



## Konklusjon


Utkastet til kommuneplan kor Byrtedalen er foreslått som område med høve til spreidd yrkesbygging + særleg viktig kulturlandskapsområde er eit langt betre alternativ enn å legge området ut til spreidd hyttebygging med omsyn til miljøet.

Om kommunen likevel legg opp til areal med høve til spreidd hyttebygging bør dette av miljøomsyn skje i "Nedre Byrtedalen", og då i eit omfang med maksimalt 10 nye hytter. Hovuddelen av arealet i Nedre Byrtedalen er potensielt rasfarleg område. Grundigare undersøkingar rundt rasfare er derfor naudsynt før ein eventuelt legg opp til hyttebygging i dette området.

## Kjelder



Edvardsen, E. 2004. Naturtypekartlegging i Tokke.

Blomquist, B. 1991. Jordbrukets kulturlandskap i Telemark. Viktige områder. Telemarksforskning Bø, rapport 45: 1-68.




#### TEIKENFORKLARING

- Horisontline
- Markera daldrag
- Dalbotn
- Støyl / Fritidsbustad




## Landskapsanalyse, nedre del av Byrtedalen

Målestokk 1 : 10 000





## Landskapsanalyse, Hommostøylane og Ormekvåle




### TEIKNEFORKLARING

- Horisontline
- Markera daldrag
- Dalbotn
- Støyl / Fritidsbustad
- Ny veg






Målestokk 1 : 10 000




#### TEIKNEFORKLARING

- Horisontline
- Slåttemark, moderne metodar
- Fjellskog, lauvdominert
- Bardominert skog
- Myr
- Støyl / Fritidsbustad




Målestokk 1 : 10 000



Vegetasjon, nedre del av Byrtedalen



## Vegetasjon, Hommostøylane og Ormekvålen



### TEIKNEFORKLARING

- Horisontline
- Slåttemark, moderne metodar
- Fjellskog, lauvdominert
- Beitemark
- Ikkje tredekt fastmark, snøleie og myr
- Rasmark
- Støyl / Fritidsbustad
- Ny veg
- ▨ Vegetasjon med høg verdi for biologisk mangfold

# Målestokk 1 : 10 000





Hauggrend  
3870 Fyresdal

[www.fnat.no](http://www.fnat.no)  
post@fnat.no